

Varanger museum IKS

# Varangerarkiver

Sluttrapport



VARANGER MUSEUM IKS

Vardø · Sør-Varanger · Vadsø

Inger Lene Nyttingnes

01.03.2022

## Innhald

Mål og rammeverk for prosjektet .....	1
Kartlegging og registrering .....	1
Arkivmateriale .....	1
Arkivskaparar .....	2
Ordning .....	3
Inntak av arkiv .....	4
Digitalisering og Digitalarkivet .....	6
Samarbeid og aktivitetar .....	7
Talfesta resultat frå prosjektet «Varangerarkiver» .....	8
Kompetanseutvikling .....	8
Arkivfagleg utvikling i organisasjonen .....	9
Takk .....	9
Vedlegg og lenker .....	10

## Mål og rammeverk for prosjektet

Varanger museum IKS søkte hausten 2017 om kr. 1 647 000 frå støtteordninga Riksarkivarens prosjekt- og utviklingsmidlar. Den viktigaste oppgåva i prosjektet var å sikre bevaring av arkiva for ettertida ved å redusere det store etterslepet på ordning og registrering. Vidare har det vore ei viktig oppgåve å gjere arkiva tilgjengelege for bruk til forskning og for andre bruksføremål. Eit viktig mål med å starte opp prosjektet var at Varanger museum i framtida skal stå sterkare rusta til å drive arkivteneste for publikum og at arkivfaglege prinsipp skal vere styrande for dette arbeidet.

I første søknadsrunde vart det løyvd kr. 300 000 og prosjektet «Varangerarkiver» vart starta opp 20. august 2018.

I prosjektet har det vore tilsett prosjektleiar i 100% stilling og ei styringsgruppe vart oppretta. Denne har bestått av Tove Kristiansen (Vadsø museum-Ruija kvenmuseum), Synnøve Fotland Eikevik (Vardø museum) og Camilla Carlsen (Grenselandsmuseet). Prosjektleiar og arkivar har vore Inger Lene Nyttिंगnes. Kontorstad for prosjektleiar har vore ved Vardø museum.

Museet søkte på ny om midlar til prosjektet i 2018 og 2019. Frå Arkiverket har vi til saman blitt løyvd kr. 1 100 000 til prosjektet. I tillegg har vi motteke kr. 300 000 frå Sparebanken Nord-Norge-fondet til formidlingsoppgåver i prosjektet.

Prosjektet sin varigheit: 20. august 2018 – 30. august 2021. Prosjektleiar har vore tilsett i andre stillingar ved museet i til saman 7 månader i den gjeldande perioden.

Varanger museum har til saman motteke 1,4 millionar til prosjektet. Dette står nært opp til den summen vi i 2017 søkte om. Likevel har løyvingane kome gjennom fleire søknadsrunder og frå to søknadsinstansar, noko vi ikkje kunne rekne med på førehand. Kvar løyvde sum har difor blitt gjenstand for prioriteringar der nokre oppgåver i prosjektet har blitt prioritert framfor andre. Hausten 2019 vart det også mogleg for institusjonar utanfor Arkiverket å publisere digitalisert arkivmateriale på Digitalarkivet. Dette har sett sitt preg på prosjektet si utvikling.

## Kartlegging og registrering

### Arkivmateriale

Utgangspunktet for dei tre avdelingane Grenselandsmuseet, Vadsø museum-Ruija kvenmuseum og Vardø museum bar preg av store skilnader mellom avdelingane når det gjaldt oversikt over arkivsamlingane. Alle tre avdelingane hadde lister over arkiv, men listene bar samtidig preg av å vere mangelfulle ved at arkiva ikkje var skildra utover namn på arkivskapar og ca. omfang og tidsperiode. På grunn av låg prioritering av arbeid med arkiva og mangel på arkivfagleg kompetanse var materialet, med få unntak, ikkje systematisk undersøkt med tanke på innhald og avklaring av fysisk tilstand. Konservatorane ved avdelingane har vore viktige pådrivarar for å sette i gang prosjektet Varangerarkiver og for å sikre at materialet blir handtert etter arkivfaglege prinsipp. Dei har vegra seg for å sjølve gå detaljert inn i materialet fordi dei ikkje har visst korleis dei skal handtere det.

Ein konsekvens av mangel på arkivfagleg kompetanse er at materialet har blitt oppbevart som det har kome inn, med rustne bindersar, plast og dei opphavelige omslaga. Resultatet har vore at størstedelen av arkivsamlingane ikkje har vore tilgjengeleg for publikum og har (med få unntak) heller ikkje vore tilgjengeleg som ein ressurs i museet sitt eige forskings- og formidlingsarbeid. Vidare har betydelege mengder arkivmateriale stått i fare for å gå tapt som følgje av bevaringsforholda.

Mest kritisk på desse områda har situasjonen vore for materialet som har vore oppbevart ved Vardø avdeling, der muggskadene har vore omfattande.

Kartlegginga har vist at museet oppbevarer arkiv frå ei betydeleg mengde fleire arkivskaparar enn det som var listeført då prosjektet starta opp i 2018. Ved prosjektstart var det listeført 95 arkivskaparar og ved prosjektslutt er det registrert 258 enkeltarkiv. Ein betydeleg del av desse består av kun 1 dokument eller 1 mappe. Desse har av plassomsyn blitt registrert i dokumentsamlingar der kvar mappe er knytt til 1 unik arkivskapar. Kartlegginga har også vist at deler av samlingane ber preg av omfattande muggskader.



Det var ei betydeleg grad av overlapping mellom autentisk arkivmateriale, kopiar av arkivmateriale, trykksaker og kopiar av litteratur. Eit anna trekk er at materiale frå ulike arkiv og arkivskaparar har vore plassert i same kasse eller arkivboks. Dette gjeld særleg for samlinga ved Vadsø museum-Ruija kvenmuseum. Det har blitt arbeidd med å skilje ut arkivmateriale frå kopiar og litteratur. Her har vi i Asta etablert ei eiga kopisamling.

I tillegg til dei tre avdelingane har det vore oppbevart arkivmateriale på Strand internat i Pasvikdalen og på Esbensengården i Vadsø. Vi har fått gjort ei overordna kartlegging av dette materialet. Arkiva på Strand Internat og på Esbensengården skal flyttast til magasin i museumsavdelingane.

**Foto: Kartlegging av arkivmateriale på Strand internat i Pasvikdalen, Sør-Varanger, januar 2019. På bildet, Camilla Carlsen, registrator ved Grenselandsmuseet.**

Asta og Arkivportalen vart innført som verktøy i Varanger museum i 2017 då museet fekk utført arkivarbeid ein kort periode i eit prosjekt for samlingsforvaltning. Arbeidet gav innsikt i den utsette tilstanden arkiva var i og var utslagsgjevande for at museet søkte utviklingsmidlar frå Arkivverket i 2017. Asta og Arkivportalen som verktøy for registrering og tilgjengeleggjering av arkiv i Varanger museum er no forankra i planverket for museet (2021-2024).

110 arkiv er ved prosjektslutt publisert på Arkivportalen. 121 arkiv er ved prosjektslutt registrert i Asta. Dette utgjer 231, 7 hyllemeter.

Ein prioritet i registreringsarbeidet er å bruke dei mange funksjonane som ligg i Asta for å gjere arkiva betre tilgjengeleg for publikum. Geografisk plassering, samfunnsområde og fyldige aktørskildringar for alle arkiv har vore eit viktig mål.

### Arkivskaparar

Vi har sett det som ei viktig prioritering i kartleggingsarbeidet å utarbeide fyldige aktørskildringar med tanke på å få nedfelt faktabasert kunnskap om aktørane sine verksemder og få oversikt over dei

samfunnsområde som arkiva vi oppbevarer representerer. Dette er viktig for tilgjengelegheit og i museet sitt eige forskings- og formidlingsarbeid. I tillegg ser vi på dette som viktig i vårt regionale samarbeid med andre institusjonar i Finnmark der vi skal samarbeide om å nå dei mål som er nedfelt i bevaringsplanen for privatarkiv i Finnmark.

107 aktørskildringar er utarbeidd og registrert. 105 aktørar er publisert på Arkivportalen. Desse inneheld tekst tilsvarande ca. 45 A4-sider og alle aktørar er registrert med geografisk plassering og samfunnsområde. Det er også utarbeidd ein samlingskatalog for arkiv i Varanger museum IKS og denne blir jamleg oppdatert etter kvart som nye opplysningar kjem inn. Denne har eit omfang på 58 sider der arkiva er kategorisert etter samfunnssektor. Katalogen er meint som eit hjelpemiddel til oversikt for tilsette i Varanger museum og andre.

## Ordning

Kartleggingsarbeidet avdekkja at arkivsamlinga i Vardø var sterkt prega av mugg-, fukt- og rustskader. Her kunne det i utgangspunktet ha vore ulike gode løysingar for korleis ein skulle gå fram. Det avgjerande momentet for dei løysingar vi valde vart bestemt med grunnlag i dei ressursar vi hadde tilgjengeleg. Arkivar hadde berre eitt rom tilgjengeleg for alt arbeidet og det var få mogelegheiter for å flytte det mest utsette materialet til andre rom. Det var i realiteten ingen av alternativa til løysingar som var tilfredsstillande og vi såg raskt at det gjaldt å vere pragmatiske og gjere vårt beste innanfor rammene av den situasjonen vi stod ovanfor. Ut frå dette tok vi ei avgjersle om å prioritere med utgangspunkt i tilstand. Reingjering, ordning og sikring av det mest utsette materialet. Dette krevde finordning i ei langt større grad enn det vi hadde lagt opp til i prosjektsøknaden og var følgeleg langt meir tidkrevande enn det vi hadde lagt opp til i planen for ordningsarbeidet. På trass av at progresjonen i prosjektet sakka akterut meinte vi at dette var heilt nødvendig for å kome oss vidare på ein god måte.



**Foto: Rust og muggskader har vore dominerande i arkivsamlinga. Dette gjeld særleg for Vardø museum, noko som førte til at arbeid med arkivsamlinga i Vardø har blitt prioritert i prosjektet.**

I ordningsarbeidet har det vore avgjerande å innta ei pragmatisk tilnærming til oppgåvene. I motsetnad til ein arkivinstitusjon der arkiva sine behov står fremst har det tradisjonelt vore gjenstandar, fotografi, bygningar og fartøy som blir prioritert i museet. I mangel på muggsaneringssskap, klimastyrte magasin og eige ordningslokale har vi tatt i bruk både museumsstøvsugar framfor kost, vindaugskarmar med ope vindauge og benytta oss av finversdagar der vi har hatt mulegheit til å utføre dette arbeidet utandørs. Dette er i utgangspunktet langt frå optimale løysingar, men det er inga tvil om at vi har vore nøydde til å handle ut frå situasjonen som den var og ikkje som vi skulle ønskje den var. Ved prosjektslutt har vi langt betre tilhøve for ordning. I Vadsø har ein i sitt nye bygg både eige mottak, ordningsrom og muggsaneringssskap. I planlegginga av nytt museum i Vardø er slike behov meldt inn.





Trass i at vi har lagt stor vekt på at mykje arkivmateriale er prega av mugg, så har vi også fått oppleve positive overraskingar. Arkivet etter gruveselskapet AS Sydvaranger, stifta 1906 i Sør-Varanger, er med sine 150 hm det største og mest omfattande arkivet Varanger museum oppbevarer. Ved gjennomgang av materialet viste det seg at eit stort arbeid hadde blitt lagt ned i eit tidlegare prosjekt knytt til innsamling og ordning av arkivet. 113 hyllemeter av arkivet viste seg å vere i svært god stand. Det var ordna og ført katalog over materialet, bindersar, stiftar og plast var fjerna. Dette medførte at vi framfor å ordne materialet kunne ta stikkprøver på kvar hyllemeter og sjekke at katalog og innhald stod i samsvar, noko det gjorde. Deretter registrerte vi materialet inn i Asta med utgangspunkt i katalogane og publiserte på Arkivportalen.

**Foto: Arkivet etter gruveselskapet AS Sydvaranger (1907-1997). 113,3 hyllemeter frå Verkskontoret i Sør-Varanger og hovudkontoret i Oslo er ordna og registrert i Asta.**

Under det tidlegare prosjektet har det openbart blitt laga eit nytt system (ny arkivnøkkel), noko som har medført at den opphavslege proveniensen ikkje er bevart. Vi har funne dei gamle arkivnøkklane og konstatert at proveniens mest truleg kan gjenopprettast. Arkivet er plassert på trehyller. Vi meiner arkivet står trygt inntil vidare og reknar det ikkje som stor hast å prioritere arbeid med det ordna materialet dersom vi tek den overordna arkivsituasjonen i museet i betraktning. Av materiale som ikkje er ordna i arkivet er det kring 10 000 fotografi og kring 1000 kart og tekniske teikningar. Vi søkte hauste 2019 om midlar frå Kulturrådet for å ordne, digitalisere, emballere og publisere dette materialet, men fekk avslag på søknaden. Hausten 2020 søkte vi midlar frå Arkivverkets utviklingsmidlar til føremålet. Også her fekk vi avslag.

## Inntak av arkiv

Det var ikkje eit uttalt mål i prosjektplanen å arbeide med innsamling av arkivmateriale. Gjennom prosjektperioden har vi likevel ved fleire høve gjort dette. Vi skulle i prosjektet forankre arbeidet i bevaringsplanen for privatarkiv i Finnmark og denne planen hadde nedfelt konkrete bedrifter, foreiningar og andre som det var ei målsetning å få bevart arkiv etter. Eksempel på dette er bedrifta Vardø Produksjonslag og fiskemottaket P.G. Mathisen i Kiberg, begge to svært viktige hjørnesteinsbedrifter i Vardø kommune. Her har vi nytta oss av moglegheiter når dei har bydd seg. Samfunnsutviklinga i Vardø har medført tap av arbeidsplassar og ei halvering av folketallet dei siste 25 år. Eit resultat av dette er mange tomme bygningar og gamle industrilokale som ikkje er i bruk. Etter dødsfall blir hus overtekne av nye eigarar eller står tomme. Vi prøver å følgje med på slike situasjonar og kontaktar huseigarar når vi meiner viktig arkivmateriale kan finnast for å prøve å hindre at dette blir kasta. Eit resultat av dette er at vi har fått inn arkivmateriale etter bedrifter, foreiningar og privatpersonar som har hatt viktig betydning i lokalsamfunna i Varangerområdet. I slike situasjonar står ein ovanfor vissheten om at ein må handle raskt dersom materialet ikkje skal bli kasta.





**Foto: Rivingsarbeidet var allereie starta då vi fekk melding om at det fanst arkivmateriale etter Vardø Produksjonslag i dei tidlegare produksjonslokala. Museet sine tilsette kasta seg i bilen. Ein triveleg arbeidar på rivingsstaden hjalp oss å få materialet trygt ut frå bygget. Vardø Produksjonslag var ei viktig hjørnesteinsbedrift i Vardø frå 1950-talet til slutten av 1980-talet.**



**Foto: Arkivmateriale etter fiskebruket P.G. Mathisen i Kiberg vart funne på loftet i eit hus som skulle seljast. Finnaren kontakta Varanger museum. P.G. Mathisen var ei viktig hjørnesteinsbedrift i Kiberg mellom 1944 og 1996.**



## Digitalisering og Digitalarkivet



Hausten 2019 vart det mogeleg for institusjonar utanfor Arkivverket å publisere digitalisert arkivmateriale på Digitalarkivet. Varanger museum var ein av fem institusjonar som fekk starte i første pulje. Dette førte oss til ei sterkare prioritering av digitalisering av papirbasert arkivmateriale. På grunn av lågare løyvingar frå Arkivverket enn det vi søkte om gjorde vi omprioriteringar på bruk av økonomiske midlar til digitalisering. Framfor å kjøpe kostbare tenester på digitalisering frå DigForsk valde vi å i hovudsak digitalisere materiale sjølv. Etter kvart fekk vi inn ein fast ressurs på digitalisering ved at ein medarbeidar i museet utførte digitalisering på fulltid i sitt engasjement. Skanner vart kjøpt inn av Vardø museum.

Dei store utfordringane knytt til muggskadd arkivmateriale førte til at det også vart prioritert å utføre avfotografering for å sikre digitale kopiar av skjørt og sårbart materiale. Dette gjeld arkiv der materialet må vernast mot bruk og der det har rådd usikkerheit om bruk kan vere skadeleg for publikum.

**Foto: Forhandlingsprotokoll etter IOGT-losje Polarstjernen nr. 94, Vardø, 1883-1885. Protokollen er støvsugd med museumsstøvsugar og avfotografert utandørs. Deretter er den pakka inn i gråpapir og sperra for fysisk bruk. Protokollen er publisert på digitalarkivet.**



Digitalarkivet har vore ein viktig ressurs for oss i arbeidet. Dei geografiske tilhøva i regionen er prega av store avstandar og for potensielle brukarar utanfor regionen er det svært tid- og ressurskrevande å reise til Varanger for å bruke arkiv som vi oppbevarer. Tilgang til materiale gjennom digitalarkivet medfører at arkiva kan gjerast tilgjengeleg regionalt, nasjonalt og globalt.

Å handtere løysingane i digitalarkivet var krevande i starten. Ein del av funksjonane var ikkje ferdigutvikla, noko som medførte ein del «kronglete» og tidkrevande prosedyrer. Det må likevel understrekast at vi fekk svært god støtte og rettleiing frå tilsette i Arkivverket for å forstå og bruke løysingane. I dag har digitalarkivet blitt vidareutvikla og er no basert på meir logiske prosedyrer, tilpassa bruksbehov og er lett å handtere.

Det er ikkje mogeleg å hente ut informasjon om bruk av vårt materiale på digitalarkivet, men vi er kjende med eksempel på bruk i våre naboland Russland og Finland. Eksempelvis i Russland har kjelder knytt til koloniseringa på Kolahalvøya blitt brukt i ei sakprosabok av forfattaren Agnessa Haykara, som omhandlar kolafinner og kolanordmenn som vart undertrykte og utsett for forfølgjing under Stalinregimet etter den russiske revolusjonen. Bokopplaget vart i 2020 konfiskert av FSB med skuldinger om at den forfekta ekstremistiske haldningar. Frå Finland har vi fått ein del henvendelsar frå etterkomarar av finske innvandrarar i Varanger før 1900. Dette viser at arkiva vi oppbevarer har betydeleg relevans utanfor landegrensene våre og at dette er eit viktig omsyn vi må ta med oss i det



vidare arbeidet. Varanger museum oppbevarer også russiskspråkleg, finskspråkleg, kvenskspråkleg og samiskspråkleg arkivmateriale.

**Foto: Russisk bilag (1906).  
Varanger museum oppbevarer ei betydeleg mengde dokument knytt til våre naboland Russland og Finland. I arkivsamlinga har vi også kvenske og samiske dokument.**

I Noreg har vi fått henvendelsar frå forfattarar og journalistar som ønskjer tilgang til arkivmateriale. Temaet som oftast går att i førespurnader frå journalistar og forfattarar er 2. verdskrig og frå privatpersonar er det førespurnader knytt til slektsforskning vi får mest hyppig inn.

## Samarbeid og aktivitetar

Gjennom heile prosjektet har vi hatt aktiv og nær kontakt med det arkivfaglege nettverket Finnmarksarkivene. Finnmarksarkivene består av representantar for arkivbevarande institusjonar i Finnmark. Det er leia av Troms og Finnmark fylkesbibliotek som har koordinerande ansvar for privatarkivarbeidet i Finnmark. Grappa møtes to gonger i året, over to dagar, der vi presenterer eige arbeid for kvarandre, utvekslar erfaringar, drøftar utfordringar for arkivfeltet i Finnmark og planlegg for samhandling. I perioden 2018-2021 har det særleg blitt arbeidd med å utarbeide ein samlingsplan for privatarkivarbeidet i Finnmark (ferdigstilt 2020) og planlegginga av prosjektet Digitalt verksted Finnmark. Digitalt verksted er det første steg i eit utviklingsprosjekt mot ei fellesteneste for mottak,

langtidslagring og tilgjengeliggjering av digitalt skapte privatarkiv. Fokus i piloten er på bevaring av kvenske og samiske digitalt skapte arkiv.

Gjennom perioden har det vore viktig for oss å presentere prosjektet og arkivarbeidet for det generelle publikum og i ulike fora. I prosjektperioden har presentasjonar blitt haldt for:

- Pomorfestivalen, juli 2019, ope arrangement. Om «Arkiv – kjelde til kunnskap og historiefortelling»
- Personalsamling i Varanger museum (alle tilsette), november 2019
- Varanger museum sitt styre, juni 2019
- 2 presentasjonar for Finnmarksarkivene, 2018 og 2021
- Riksarkivets erfaringskonferanse, mai 2019
- Troms og Finnmark fylkeskommune, kulturavdelinga, aug 2021

## Talfesta resultat frå prosjektet «Varangerarkiver»

<b>Varanger museum IKS</b>	<b>aug.18</b>	<b>aug.21</b>
Bestand, privatarkiv	297 hm	332,4 hm
Arkivskaparar	95	258
Registrerte arkiv	1	121
Aktørskildringar	0	107
Ordna og registrert	7 hm	231,7 hm
Publiserte arkiv	0	110
Digitaliserte dokument	13 655	70 119
Publiserte einingar, DA	0	146
Publiserte dokument, DA	0	28 336

Det står att kr. 30 810 i midlar ved prosjektslutt. Vi har fått Arkivverket si løyve til å bruke desse midlane på oppgåver vi ikkje har fått ferdigstilt i prosjektet. Midlane vil nyttast til å ferdigstille ettikettering på ordna arkiv og til utarbeiding av aktørskildringar.

## Kompetanseutvikling

I tillegg til dei talfesta resultatata frå prosjektet har ein sett eit auka medvit kring viktigheita av arkivarbeid i organisasjonen. I den første prosjektsøknaden i 2017 var kompetanseheving i organisasjonen eit av måla med prosjektet. Registrator ved Grenselandsmuseet, konservator ved Vadsø museum-Ruija kvenmuseum og konservator ved Vardø museum gjennomførte i 2019 to bolkar Asta-kurs på Riksarkivet i Oslo. Registrator ved Grenselandsmuseet deltok på informasjonsseminar om Digitalarkivet i mars 2019 og på Det 8. norske arkivmøte i april 2019. Prosjektleiari har halde presentasjon for alle tilsette i Varanger museum om arkivarbeidet og bruk av arkiv på personalseminar vinteren 2018. Prosjektleiari har også halde presentasjon om arkivprosjektet og Asta, Arkivportalen og Digitalarkivet for Varanger museum sitt styre på styremøte i juni 2020. I tillegg til dette har prosjektleiari gjeve ei praktisk innføring i arkivordning for registrator i

Kirkenes, konservator i Vadsø og konservator i Vardø. Her har vi ordna arkiv i lag på kvar enkelt avdeling.

I samband med Arkivdagen 2020 vart det ved Vardø avdeling beslutta at heile avdelinga skulle delta i utarbeidinga av ei utstilling basert på arkivet etter Vardø turnforening (1885-2005). Varanger museum er i ei planleggingsfase for at turnforeninga sitt gamle bygg skal bli framtidens nye Vardø museum. Utstillinga skulle peike mot bygget, turnforeninga si historie og bygget som museum i framtida. Samtidig skulle utstillinga si form synleggjere prosessen frå eit kaosarkiv, gjennom ordning og fram til tilgjengeleggjinga av arkivmateriale analogt og digitalt. Turnforeninga si historie skulle mellom anna visast gjennom fire arbeidsbord for arkivordning med materiale frå arkivet plassert på bordene i lag med utstyr ein bruker i samband med arkivordning. I utstillinga si siste fase kunne publikum bla i analoge (kopierte) protokollar og sjå materiale frå turnforeninga som skulle publiserast same dag. Alle tilsette i avdelinga deltok på ulike måtar i førebuingane til utstillinga og brukte arkivmateriale i dette arbeidet. Samtidig fekk alle betre kjennskap til arkivkjeden ved at utstillinga skulle fortelje nettopp denne historien. På grunn av Covid-19 måtte utstillinga utsetjast, men den er nesten ferdigstilt og planen er at den skal visast ved neste mogelege høve.

## Arkivfagleg utvikling i organisasjonen

I 2020 og 2021 gjennomførte museet arbeidet med å utarbeide nytt planverk for perioden 2021-2024, der alle tilsette i museet deltok i prosessen. Her har arkiv fått si rolle som ein likeverdig del i museumssamlinga, på lik linje med gjenstandar, fotografi, bygg og fartøy. Bruk av Asta som registreringsverktøy, Arkivportalen for tilgjengeleggjing og Digitalarkivet som publiseringsplattform for arkivmateriale er no forankra i planverket. Sameleis er formidling av arkiv, bruk av arkivpedagogiske opplegg, markering av Arkivdagen og målsettingar for ordning og registrering av arkiv. Ikkje minst peikar planverket på behovet for at ei fast arkivarstilling blir oppretta i museet. Planverket vart godkjent av Varanger museum sitt styre i mars 2021. 1. februar 2022 tilsette museet arkivar i fast stilling.



**Foto: Ungdom frå 9. klasse ved Vardø skole var bærehjelp då arkivet etter Vardø Sparebank (1899-1975) skulle fraktast frå dei tidlegare banklokala og inn i lokala til Vardø museum. Hausten 2018.**


Vi ønskjer å takke Arkivverket for tildelingane til prosjektet gjennom utviklingsmidlane 2017-2019. Ein suksessfaktor har vore at vi fekk høve til å arbeide med eit breitt spekter av oppgåver, noko som har ført til at arkivarbeidet har fått kontaktpunkt i alle lag og område av organisasjonen. Vi har fått vise i praksis korleis arkiv og arkivarbeid kan bidra på ulike felt, i ulike situasjonar og for eit variert spekter av oppgåver på museumsfeltet. Ikkje minst har vi fått sikra ei rekkje unike og viktige arkiv av lokal og nasjonal interesse og gjort desse tilgjengeleg for forskning internt og eksternt, for publikum og for dei komande generasjonar.

Med venleg helsing,



---

Petter Snekkestad  
Direktør



---

Inger Lene Nytttingnes  
Prosjektleder

## Vedlegg og lenker

Vedlegg 1. Prosjektregnskap

Vedlegg 2. Uavhengig revisors beretning til prosjektregnskapet

Vedlegg 3. Samlingskatalog for arkiv, Varanger museum IKS

Vedlegg 4. Samlingsforvaltningsplan 2021-2024, Varanger museum IKS

Vedlegg 5. Formidlingsplan 2021-2024, Varanger museum IKS

- Varanger museum på Arkivportalen: <https://www.arkivportalen.no/search/1?repository=VAMU>

- Varanger museum på Digitalarkivet:

[https://www.digitalarkivet.no/search/sources?s=&from=&to=&format=all&i%5B%5D=95&archive\\_key=](https://www.digitalarkivet.no/search/sources?s=&from=&to=&format=all&i%5B%5D=95&archive_key=)

- Varanger museums nettside: [www.varangermuseum.no](http://www.varangermuseum.no)

